

Vigslingsgudsteneste Sædalen – preike ved biskop Ragnhild Jepsen 3.11.24 - Allehelgensdag

Matt 5, 13-16:

De er saltet på jorda! Men mistar saltet si kraft, korleis skal det då bli gjort til salt att? Det duger ikkje lenger til noko; dei kastar det ut, og folk trakkar det ned.

*De er lyset i verda! Ein by som ligg på eit fjell, kan ikkje gøymast. Ingen tenner ei oljelampe og set henne under eit kar. Nei, ein set lampa på ein haldar; då lyser ho for alle i huset. Slik skal lyset dykkar lysa for folk, så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen!
Slik lyder Herrens ord.*

I dag skin lyset over Sædalen!

Ei kyrkje som ligg høgt i landskapet så alle som kjem oppover dalen må sjå henne, kan ikkje gøymast.

Nei, kyrkja i Sædalen trekker oss til seg, inviterer oss inn og skal vere ei kjelde som vi hentar lys og nye krefter frå.

Og ut frå dette kyrkjehuset skal det stråle lys og salt, så Evangeliet om Jesus Kristus får lyde og bli verkeleg mellom alle som bur her, og det blir ei kjelde til liv og lovsong.

Denne dagen er den store dagen for å takke – for den nye kyrkja og for alt vi bed om og håper den skal bringe med seg.

Vi takkar for det som har lagt seg til rette så det vakre og heilage får rom mellom oss, og at vi blir innlema i det.

Vi har kome hit denne dagen med alle våre håp for kva den skal få bety for oss som kyrkjelyd og lokalsamfunn.

Men denne dagen takkar vi også for alle som gjennom år har verkeleggjort Guds kyrkje på jorda her i Sædalen.

For forkynning, diakoni og lovsong som har vore på denne staden også når det ikkje var eit kyrkjehus her. For dei som planta kyrkjelyd her og hadde visjonen om at denne delen av byen også måtte ha ei kyrkje. For fellesskapet som bar, takkar vi, for dei som vart døypte, for dei som kjente at her var kjelder av lys og salt som gav von til livet.

Mursteinane denne kyrkja er bygd av, er levande steinar – lag på lag av byggesteinar som har gjort den til det vi ser i dag. Og vi feirer den ferdige kyrkja i dag, men der har eg ein litt dårleg nyhet til dykk, for kyrkja er ikkje ferdig. Så lenge vi er her på jorda, skal vi bygge kyrkje - så Guds nåde kan halde fram med å finne sine vegar inn i menneskes hjarte, og til evangeliet verksam i kjærleik mellom oss.

Landet vårt er velsigna med mange vakre kyrkjebygg. Nokre av dei frå den fyrste tida kristendomen var i landet vårt. Andre frå nyare tid, - i vår del av landet berre nokre få som er så nye at vi har den gleda å få sjå dei reise seg. Men felles for alle våre kyrkjebygg er at dei ber med seg skjønnhet, verdighet og stolthet.

Menneske i landet vårt er glade i kyrkjene sine, slik de allereie kjenner kjærleik for denne kyrkja – kanskje er det mest førebels som ei forelsking, fordi alt er så nytt.

For kyrkjene våre ber med seg forteljingane om våre liv. Om det nye livet som vart teke i mot og innlemma i familie og kyrkje. Om den brusande gleda for høgtidsdagar, og den djupe sorga for livet vi måtte ta avskil med. Kyrkjene fortel om store og små hendingar i våre fellesskap, og for vissa om at noko er uforanderleg. Dei vitnar om det vakraste vi kan tenke oss av musikk og kunst.

Men kyrkjehusa våre vitnar meir enn noko anna om Guds lys som skin over menneska, og om den bogen som er spent over våre liv av nåde og kjærleik. Slik skal også denne kyrkja formidle ein kvelving av nåde over kyrkjelyden i Sædalen.

Vi har feira tusenårsjubileet for Kristenretten dette året. For tusen år sidan gjekk Olav Haraldsson, han som vart Olav den heilage, i land på Moster og gav sine lover som endra vårt samfunn, og vi fekk verdier som vi enno i dag legg til grunn for våre fellesskap. Sentralt for kong Olav og biskopen hans, Grimkjell, på Moster, var overtydinga om at ei levande kristen tru kunne endre eit samfunn.

Men til det trong ein kyrkjer som kunne formidle dei verdiane som samfunnet skulle tuftast på:

Dåpen, menneskeverdet, liturgiane for dåp og gravferd som skulle vere dei same for alle, og rettane som var gjeve i bodet om kristen nestekjærleik.

Difor var påbodet i kristenretten også at ein skulle bygge kyrkjer!

Det seier mykje om landet vårt at vi i tusen år har bygd kyrkjer, og at vi enno gjer det i dag. Det forpliktar oss som samfunn å halde fram dei verdiane mellom oss som Kristenretten innførte. Verda, og dermed også vi, treng Evangeliet om Jesus Kristus i dag, like mykje som for tusen år sidan.

De er lyset i verda og saltet på jorda, sa Jesus i Bergpreika.

Både *salt* og lys bruker ein ofte saman med ordet *kjelde*: Saltkjelder og lyskjelder.

Frå kjelder hentar ein nye krefter og nytt håp:

Jesus kom med ein flamme av håp. Han kom med Guds lys til menneska. Han gav menneske mot og kraft til å leve.

Vi er saltet på jorda – vi er lyset i verda! Fordi vi har fått del i det lyset. Vi har fått denne krafta som ikkje gjer motlaus, men gjev mot, som held oppe, som vi kan trøyste oss ved, legge oss ned ved, hente styrke frå.

Vi er lys og salt fordi Gud har gjeve oss det; gudsriket er *her*, men gudsriket kan ikkje berre vere *her*, det må jo også vere i alt det Gud har skapt – og difor er det også hjå dei og i dei som har gått framom.

Og med lyset følgjer håp. Håpet om himmelen; håpet om det evige livet; håpet om ein dag å få møte att dei vi har kjær; dei vi var så glad i. Vårt liv er omgjeve av Jesu Kristi lys, det lyset som held fram med å skine når livet sloknar.

Vi vil hugse at Sædalen kyrkje vart vigsla på Allehelgensdagen. At det var, sjølvst, ein dag for stor takksemnd og jublande glede.

Allehelgensdagen viser oss den store samanhengen vi står i, vi som er Guds kyrkje på jorda. Samanhengen med kvarandre. Og med alle dei som er gått framom. Dei vi var glade i. Dei vi har mista. Dei som er skilt frå oss, men som vi no vågar å tru er heime hjå Gud. Men også dei som skal kome etter oss.

Allehelgensdag er sanneleg ein dag for å feire kyrkje, og for å feire den store gleda heime i himmelen hjå Gud. Og håpet vi deler om ein dag å få vere der – i den store skaren av dei som er gått framom, og i det heilage lyset som omgjev Gud, der også vi får vere i glansen av det Heilage.

Vår tru, denne kyrkja si tru, er forma av dei som er gått framom. Av dei som hørde Guds ord og sidan gjekk med Guds lys ut til sine medmenneske.

Ved å halde oss nær til Han som først kom med lyset til menneska, blir våre liv også opplyste.

Det lyset skal vere over livet vårt, *alle våre dagar*.

Må Gud velsigne den nye kyrkja i Sædalen og alle som kjem hit med sine liv.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage Ande, vår Skapar, Frigjerar og Livgjevar, som var og er og vera skal éin sann Gud frå æve og til æve. Amen.